

Saksbehandlar: Siri Merete Nedland, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 14/6896-2

Høyring - framlegg til endringar i privatskulelova

Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:

Fylkesdirektøren for opplæring legg saka fram utan tilråding.

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka

Kunnskapsdepartementet har sendt på høyring framlegg til endringar i lov om private skular med rett til statstilskot (privatskulelova).

Departementet gjer framlegg om på ny å ta i bruk omgrepet frittstående skular (friskular) som nemning på skular som er i privat eige, og som er godkjende med rett til statstilskot etter lova. *Ein friskule* vil etter dette vere ein skule som oppfyller ei rekkje krav til innhald og kvalitet. Skulen får offentleg stønad tilsvarande om lag 85% av driftskostnadene i offentlege skular. Skulen kan ta skulepengar avgrensa til om lag 15% av driftskostnadene i den offentlege skulen. Ein friskule kan verken ta ut ope eller skjult utbyte.

Departementet foreslår vidare å behalde gjeldande godkjenningsordning med krav til særskilt grunnlag for å kunne godkjennast. Det vert og foreslått å leggje til to nye godkjenningsgrunnlag: vidaregåande yrkesfagskular og profilskular.

Framlegga skal gjere friskulane sitt handlingsrom og mogelegheit til å vere reelle alternativ til den offentlege skulen tydelegare.

Forbodet mot å ta utbytte vert vidareført og presisert i framlegget til ny friskulelov.

Ein privat skule vil etter dette vere a) ein grunnskule som er godkjend etter opplæringslova §2-12 eller b) ein vidaregåande skule som er oppretta med utgangspunkt i den frie etableringsretten. Ingen av desse skulane får statstilskot, og dei har inga avgrensingar i høve storleiken på skulepengane. Skulane driv på kommersielt grunnlag, og eigarane har høve til å ta utbytte.

[Høyringsnotat med framlegg til endringar](#)

Kort omtale av framlegga til endring (nummereringa følgjer kapittelnummerering i høyringsnotatet).

Fylkesdirektøren har berre gjort nærare greie for dei framlegga som kan vere av særleg interesse for fylkeskommunen.

2) Namnet på lova (side 5)

Framlegget inneber at tittelen på lova vert endra til *lov om frittstående skolar (friskolelova)*, og at skular som er godkjende etter lova vert omtala som *frittstående skular*.

3) Godkjenningsordninga (grunnlag for godkjenning) (side 7)

Framlegg til ny ordlyd i §2-1: (endringane er merkte med kursiv)

Departementet kan godkjenne private skolar og driftsendringar ved godkjende private skolar. Departementet kan godkjenne at ein grunnskole flyttar verksemda si til ein annan kommune eller at ein vidaregåande skole flyttar verksemda si til ein annan fylkeskommune.

Ein skole skal ikkje få godkjenning dersom etableringa vil medføre negative konsekvensar for det offentlege skoletilbodet eller andre særlege grunnar tilseier at skolen ikkje bør godkjennast. Vertskommunen eller vertsfylket skal få høve til å gi fråsegn før departementet gjer vedtak i saka, og kan klage på departementet sitt vedtak. Godkjende skolar har rett til statstilskot etter § 6-1 og til å drive verksemd etter lova.

Siste kursiv: Ordlyden er endra frå *skal gje fråsegn* til *skal få høve til å gi*, for å tilpasse til gjeldande praksis.

Skulane skal drive verksemda si på følgjande grunnlag: (endringar i kursiv)

- a) *livssyn* (ordlyd endra frå religiøst)
- b) *anerkjend pedagogisk retning*
- c) *internasjonalt*
- d) *særskilt tilrettelagd vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett*
- e) *norsk grunnskoleopplæring i utlandet*
- f) *særskilt tilrettelagd opplæring for funksjonshemma*
- g) *vidaregåande opplæring i små og verneverdige handverksfag*
- h) *vidaregåande opplæring i yrkesfag* (nytt grunnlag)
- i) *profilskule* (nytt grunnlag – med vekt på t.d. realfag, idrett, språk, kunst og kultur, med eigne læreplanar, ev alternativ fag- og timestfordeling. Sjå s 10 i høyringsdokumentet for meir informasjon.)

.....

4) Krava til innhald og vurdering (side 20)

Departementet foreslår at dagens krav om jamgod opplæring (med offentlege skular) vert vidareført. Handlingsrommet som gjeld læreplanverk, fag- og timestfordeling og undervisningsfridom vert også vidareført, slik at *jamgod* ikkje treng bety *identisk*.

5) Kompetansekrav til undervisningspersonalet (side 29)

Framlegg til ny lovtekst i §4-2:

For undervisningspersonalet ved skolar som er godkjende etter lova her, gjeld dei kompetansekrava som følgjer av §§ 10-1 og 10-2 i opplæringslova med tilhøyrande forskrift.

Opplæringslova § 10-6 om mellombels tilsetjing og § 10-6a om tilsetjing på vilkår gjeld tilsvarande.

For undervisningspersonalet ved skolar som er godkjend med alternative læreplanar, kan departementet også godkjenne alternative kompetansekrav til dei som følgjer av §§ 10-1 og 10-2 i opplæringslova med tilhøyrande forskrift.

Departementet kan gi forskrift om krav til kompetanse som kommer i tillegg til krava i første og andre ledd.

Departementet kan i forskrift også fastsetje at det ikkje skal stillast krav om relevant kompetanse i enkelte fag.

6) Inntak av elevar (side 30)

Framlegg til ny lovtekst i §3:

§ 3-1 første ledd skal lyde:

Skolane skal ha heile landet som inntaksområde. Dei skal stå opne for alle som fyller vilkåra for inntak i offentlege skolar, jf. opplæringslova §§ 2-1 tredje ledd og 3-1 første ledd. Dette gjeld òg skolar i utlandet og internasjonale skolar i Noreg. Skolane kan reservere eit begrensa antall av elevplassane til søkjarar som kjem etter hovudinntaket.

§ 3-1 femte ledd skal lyde:

Departementet kan gi forskrifter om inntak av ungdom og vaksne søkjarar med rett til vidaregåande opplæring, inntak av vaksne søkjarar utan rett til vidaregåande opplæring og om inntak av utanlandske søkjarar.

7) Inntak av vaksne (side 34)

Departementet foreslår ingen endringar i reglane om inntak av vaksne med eller utan rett til vidaregåande opplæring i frittstående vidaregåande skular.

Departementet ber om høyringsinstansane sitt syn på om lova bør opne for godkjenning av frittstående vidaregåande skular for vaksne med rett.

8) Private vidaregåande skular som tilbyr vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett (side 37)

Departementet foreslår at lova framleis skal opne for godkjenning av skular som legg særskilt til rette for vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett.

Departementet ønskjer å innføre eit krav om at skular som søker slik godkjenning må velje mellom 2 modellar for organisering og timetal.

Nytt andre ledd bokstav d i § 2-1 skal lyde:

Med særskild tilrettelagt vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett, jf. § 2-1 bokstav d, meinast i denne samanhengen årstimetalet for utdanningsprogram idrettsfag eller årstimetalet for utdanningsprogram studiespesialisering med tillegg av 140 årstimar toppidrett på Vg1.

Toppidrett kan vere programfaget toppidrett eller toppidrett etter eigen plan. Det blir stilt som vilkår at faget toppidrett må vere eitt av programfaga på Vg2 og Vg3.

9) Kompletterande undervisning (side 44)

Framlegget gjeld (med heimel i privatskulelova § 6-4) tilskot til kompletterande undervisning i norsk, samfunnsfag, samfunnsfag og religion, livssyn og etikk i grunnskulen.

10) Skuleverksemd, bruken av skulepengar og statstilskot, tilsyn, reaksjonsformer mv. (side 50)

a) Skulen si verksemd

Gjeldande rett, § 2-2 Krav til verksemda til skulen

Skolen kan ikkje drive anna verksemd enn skole i samsvar med denne lova. Skolen kan likevel drive slik anna verksemd knytt til den enkelte skolen: skolefritidsordning, internat, utleige av tenestebustader ved internatet og tilrettelegging i samband med godkjende samarbeidsprosjekt med utanlandske skolar. Departementet kan gjere unntak frå første punktum for verksemd som er nært knytt til skuleverksemda og som utgjer ein mindre del av den totale verksemda.

Framlegg til ny § 2-2

”Skolen kan ikkje drive anna verksemd enn skole i samsvar med denne lova. Som drift av anna verksemd reknast òg eigarskap i selskap som driv næringsverksemd. Departementet kan i forskrift eller enkeltvedtak gjere unntak frå første punktum for tilleggsverksemd som er nært knytt til skuleverksemda og som utgjer ein mindre del av den totale verksemda.”

b) Registrering i Einingsregisteret (side 58)

Departementet ønskjer å presisere i lovteksten at skulen må vere registrert i Einingsregisteret, eller tilsvarende register, før det vert søkt om godkjenning.

c) Krav til innskotskapital (side 60)

Departementet foreslår å endre lova slik at det vert eit krav om kr 100 000,- som innskotskapital for ein friskule, uavhengig av organisasjonsform.

§ 2-2 nytt andre ledd andre punktum:

”Skolen må seinast til same tid dokumentere at han har ein minimum innskotskapital på kr 100 000,-.”

d) Krav til minste elevtal (side 63)

Etter lova i dag vil ein privatskule miste godkjenninga dersom den har færre enn 15 elevar tre skuleår i samanheng. Regelen seier ikkje noko om kor mange elevar ein skule må ha for å få godkjenning, men i praksis har dette vore tolka slik at nye skular med eit øvre elevtal på færre enn 15 elevar ikkje vert godkjende.

Etter departementet di vurdering vil større skular gje elevane eit betre fagleg miljø, med auka læringsutbyte som resultat, og eit betre sosialt miljø. På bakgrunn av dette foreslår departementet å auke elevtalsgrensa til 30.

Endringane gjeld ikkje skular som driv opplæring i små og verneverdige handverksfag, utanlandsskular og skular som er godkjende på grunnlaget «særskilt tilrettelagd opplæring for funksjonshemma».

§ 2-2 tredje ledd får etter dette slik ordlyd:

”Dersom ein skole har færre enn 30 elevar tre skoleår i samanheng, fell godkjenninga bort.”

§ 2-2 tredje ledd siste punktum vert som følgjer:

”Skolar som berre driv verksemd etter § 2-1 bokstav f eller g, er ikkje omfatta av minimumskrava til elevtal.”

e) Krav om bruken av statstilskot og skulepengar (side 65)

Etter privatskulelova skal både statstilskotet og skulepengane uavkorta komme elevane til gode. Drift av skule etter denne lova skal ikkje vere forretningsverksemd.

Framlegget til endringar er i hovudsak presiseringar.

Gjeldande regel, § 6-3 Krav til bruken av offentlege tilskot og skulepengar:

Alle offentlege tilskot og skulepengar skal kome elevane til gode. Dette inneber mellom anna at skolen ikkje kan

- a) gi utbytte eller på annan måte overføre tilskot til eigarane eller deira nærstående, verken når skolen er i drift eller om drifta blir nedlagd*
- b) pådra seg kostnader i form av leigeutgifter for eigedom eller lokale som tilhører skolens eigarar eller deira nærstående eller på anna måte pådra seg kostnader som kan innebere at alle offentlege tilskot eller eigendelar frå elevane ikkje kjem elevane til gode.*

Departementet kan gi nærare forskrift om forbod mot utbytte eller anna overføring som nemnt i første ledd bokstav a.

Framlegg til endringar: *(endringar i kursiv)*

§ 6-3 andre ledd skal lyde:

”Departementet kan gi nærare forskrift om forbodet mot utbytte eller anna overføring som nemnt i første ledd.”

§ 6-3 nytt tredje ledd skal lyde:

”Departementet kan gi nærare forskrift om korleis innsyn skal skje i frittstående skolar sine rekneskap, om dei same skolane si plikt til dokumentasjon andsynes styresmakter som krev det i samband med tilsyn og kontroll, herunder å godtgjere at innkjøp er gjort på marknadsmessige vilkår

§ 7-2 første ledd nytt annet punktum skal lyde:

Departementet fører tilsyn med skolar godkjende etter denne lova og skal i den samanheng ha tilgjenge til skoleanlegg og dokumentasjon *utan hinder av teieplikt.*

§ 7-2a første og andre ledd skal lyde:

Dersom det blir oppdaga forhold i strid med denne lova, i strid med forskrifter gitt med heimel i lova, i strid med føresetnadene for godkjenninga *eller i strid med formålet til lova*, kan departementet gi pålegg om å rette på forholda.

Departementet kan halde attende tilskotet eller dra godkjenninga attende dersom vilkåra i denne lova, vilkår i forskrifter gitt med heimel i lova, føresetnadene for godkjenninga eller *formålet til lova* ikkje blir fylte. Departementet kan òg krevje attende for mykje utbetalt tilskot, og tilskotsmidlar som er brukte i strid med denne lova, i strid med forskrifter gitt med heimel i lova, i strid med føresetnadene for godkjenninga eller i *strid med formålet til lova*.

11) Innføring av karantenerregel (side 71)

Departementet foreslår ein ny regel som gir tilsynsmyndigheit høve til å gje karantene til «sentrale aktørar» ved ein friskule der det er avdekt alvorlege regelbrot.

Framlegg til ny § 7-2b Karantene

Dersom det blir oppdaga alvorlege forhold i strid med denne lova, i strid med forskrifter gitt med heimel i lova, eller i strid med føresetnadene for godkjenninga, kan departementet gi skolen og ansvarlege personar bak forholda karantene.

At ein juridisk eller fysisk person er gitt karantene inneber at den juridiske personen eller vedkomande som har stilling som nemnt i fjerde ledd, ikkje kan søkje ny godkjenning eller driftsendringar ved skolar som har godkjenning, eller tiltre ei slik stilling ved ein godkjent skole. Karantene gjeld som hovudregel i to år frå vedtaket er rettskraftig. Dersom det ligg føre særlege forhold kan det bli gitt karantene for kortare tidsrom eller inntil fire år.

Med fysisk person jf. fyrste og andre ledd blir det sikta til ein person som har vore fullt ut ansvarleg deltakar i eit ansvarleg selskap, formelt eller reelt har utøvt verv som medlem eller varamedlem av styret eller som dagleg leiar (administrerande direktør), eller som har andre leiande posisjonar ved skolen som har godkjenninga.

Dersom det er opna tilsyn ved ein skole, og det er mistanke om at tilsynet kan leie til karantene, kan søknader om godkjenning eller driftsendringar stillast i ro inntil tilsynet er fullført.

12) Rammevilkår for godkjende skular (side 78)

- 12.1 Føring av vedlikehaldskostnader i KOSTRA
- 12.2 Uttrekk av avskrivingskostnader frå tilskotsgrunnlaget
- 12.3 Rentekompensasjon for friskulane
- 12.4 Korrigering av tilskot til vidaregåande friskular basert på fråfallsstatistikk
- 12.5 20-dagarsregelen

For nærare informasjon om dei ulike punkta under 12, sjå sidetilvising til høyringsnotatet.

Nærare om fylkeskommunen sitt høve til å gje fråsegn

I vurderinga av om ein søknad om etablering av ein friskule skal godkjennast må det gjerast ei avveging mellom ønsket om/fordelen ved å etablere ein friskule og omsynet til dei offentlege skulane i vertsfylket. Departementet foreslår difor at det ikkje skal gjevast godkjenning dersom

dette får negative konsekvensar for det offentlege skuletilbodet. Dei negative konsekvensane må sannsynleggjerast. Etter framlegget til ny ordlyd i lova har ikkje lenger vertsfylkeskommunen ei plikt til å gje fråsegn, men ein rett til.

Konsekvensar av framlegga til endringane i lova

Regjeringa sitt utgangspunkt for å endre dagens privatskulelov er at fleire offentleg finansierte friskular kan bidra til auka mangfald og læring mellom skular.

Skulestrukturen i Sogn og Fjordane er for tida under press på grun av dei økonomiske utfordringane fylket står overfor. Etter fylkesdirektøren si vurdering kan ein auke i tal friskular ytterlegare påverke skulestrukturen i fylket. Det er likevel ikkje slik at framlegga til endringar i privatskulelova nødvendigvis vil føre til fleire etableringar her i fylket.

Det er vanskeleg å seie noko om eventuelle økonomiske konsekvensane for fylkeskommunen, ut over at fylkeskommunen vert trekt i ramma i høve elevar som går i private skular.

Fylkesdirektøren for opplæring legg saka fram utan tilråding